

# Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)  
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

---

## **KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)**

### **VIII. INNSKRIFTER UTAN SPRÅKLEG MEINING.**

[**873**] N-25804. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 43; 1990b: [37].)

Innskrifta her står på ein klovna islegg av bein, 279 x 21 x 28 mm. Leggen er klovna på langs slik at berre halve gliflata er att. Funnet vart gjort i 1975, felt FE, hovudfase 7/8.

Funnkonteksten kan såleis daterast arkeologisk til perioden mellom ca. 1175 og 1275. På den bevarte delen av gliflata er det restar av teikn som kan vera runer. Avstanden frå første til siste riss er 30 mm og det som er bevart, og høgda på teikna er i gjennomsnitt 12 mm. Det er først to parallelle riss som kan vera nedre del av to stavar. Kloss i riss nr. 2 her er det eit tynnare snitt som kan vera del av denne (omattrissing?). Deretter kjem nedre del av ein stav med boge. Bogen når opp i brotkanten. Ettersom staven etter alt å dømme har vore lengre enn det som no er bevart, synest det temmeleg sannsynleg at vi her har resten av ein **þ**. Etter denne runa er det i litt avstand endå eit snitt som òg kan vera nedre del av ein runestav.

? ? þ ?

**? ? þ ?**

Ettersom r. 3 her ser ut til å vera ei sikker rune, kan snitta før og etter også godt ha vore runer. Vi må då truleg rekna dette som ei intendert runeinnskrift, jamvel om det ikkje er råd å finna noka språkleg meining i det som er bevart.